



TILLEGGS-MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet

Møtedato: 18.02.2016

Møtetid: 15:00 -

Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

ordfører/leiar av utval

SAKLISTE

| Saker til handsaming på møtet | | | |
|--------------------------------------|-----------------|---|-------------------|
| Sak nr. | Arkivsak | Sakstittel | Merknad |
| 011/16 | 10/518 | Økonomisk sosialhjelp endring i regelverket | |
| 012/16 | 16/212 | Industriområdet Øvre Rolvsvåg - fastsetting av pris og vilkår for sal av tomt | U Ikkje offentleg |



SAKSFRAMLEGG

| | |
|---|--------------------------|
| Sakshandsamar: Grete Lill Hjartnes | Arkivkode: FA-F01 |
| Arkivsaksnr: 10/518 | Løpenr: 16/1099 |
| Sakstype: Politisk sak | |

| SAKSGANG | | | |
|---------------------------|------------|---------|----------|
| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato | Saksnr. | Saksbeh. |
| Formannskapet | 18.02.2016 | 011/16 | GLH |

ØKONOMISK SOSIALHJELP ENDRING I REGELVERKET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I Samnanger vert det innført ein sats for økonomisk sosialhjelp som er på 75% av normalsats. Satsen vil gjelde for;

- Personar som ikkje har oppfylt vilkår fastsett i vedtak om økonomisk sosialhjelp etter lov om sosiale tenester i NAV §20
- Personar som frivillig har slutta i arbeid/skule/tiltak og difor har mista rett til statleg ytingar.
- Personar som ventar «høg» inntekt i nær framtid.

Ordninga tek til å gjelde frå kommunestyret har fatta vedtak i saka.

Dokument som ikkje er vedlagt:

<https://www.samnanger.kommune.no/tenester/omsorg-trygd-og-sosiale-tenester/okonomiske-ytingar/sosialhjelp/okonomisk-krisehjelp-sosialhjelp.aspx>

Kva saka gjeld:

Rådmann har fullmakt til å endra normalsatsane jamfør statens rettleiande satsar for sosialhjelp. Det er eit ønske om å innføra ein ny sats, og dette trengst politisk handsaming.

Side 4 av 5

Tabellen under viser satsar frå og med 01.03.2016.

Satsane pr. 01.03.2016 vert:

| Normal sats | Pr. måned | Pr. veke | Pr. dag |
|----------------------------|-------------|-------------|-----------|
| Einslege | Kr. 5.850,- | Kr. 1.365,- | Kr. 195,- |
| Ektepar/sambuarar | Kr. 9.750,- | Kr. 2.275,- | Kr. 325,- |
| Personer i bufellesskap | Kr. 4.850,- | Kr. 1.132,- | Kr. 162,- |
| Barn 0-5 år | Kr. 2.250,- | Kr. 525,- | Kr. 75,- |
| Barn 6-10 år | Kr. 2.950,- | Kr. 688,- | Kr. 98,- |
| Barn 11-17 år | Kr. 3.800,- | Kr. 887,- | Kr. 127,- |

Krisesats: kr. 105,- for vaksne og kr. 55,- for barn (som 2015)

I Samnanger kommune er det kun barnetrygd som ikkje vert rekna som inntekt ved utmåling av økonomisk sosialhjelp

Normalsats: Når det ikkje føreligg særleg grunn for redusert stønad

Krisehjelp: Når tenestemottakar har løpande inntekt på/over sosialhjelpsnivå, - men har feildisponert denne og står utan pengar til naudsynt livsopphald.

For å motivera til arbeid og aktivitet ynskjer rådmann å innføra ein avkorta sats. Det vert foreslått ein sats på 75% av normalsats.

Dette vil gjelde;

Personar som ikkje har oppfylt vilkår fastsett i vedtak om økonomisk sosialhjelp etter lov om sosiale tenester i NAV §20

Personar som frivillig har slutta i arbeid/skule/tiltak og difor har mista rett til statleg ytingar.

Personar som ventar «høg» inntekt i nær framtid.

Sak 012/16 - Industriområdet Øvre Rolvsvåg - fastsetting av pris og vilkår for sal av tomt

Sakspapira er unnatekne frå offentleg innsyn (med heimel i Offentleglova § 13) og vert derfor ikkje lagt ut på kommunen sine nettsider.